Utdanningsforbundet
Øygarden

Vedlegg 2
Sak 1.7 Godkjenning av valreglement

Valreglement for årsmøtet 2025

Generelt om vala:
Vala gjeld som hovudregel for to år med verknad frå 1. august 2025. Alle val er skriftlege bortsett frå val i konstitueringssaka. Dirigentane kan likevel, i samråd med årsmøtet, gjennomføre open votering, dersom det er eit einstemmig forslag frå valkomitéen, og det ikkje er andre forslag.

Det kan ikkje stemmast på andre enn dei kandidatane som er foreslått av valnemnda eller vert fremja i årsmøtet (benkeforslag). Kandidatane må ha sagt ja til å stille. Stemmesetlar som inneheld andre namn, blir forkasta. Blank stemmesetel blir rekna som nytta stemme.

Ved likt stemmetal mellom to kandidatar i omval, vert det avgjort ved loddtrekning. Dersom det vert halde omval mellom tre eller fleire kandidatar der den med færrast stemmer skal ut, vert det også avgjort ved loddtrekning ved stemmelikskap.

Desse skal veljast på lokallagsårsmøtet 2025: leiar i lokallagsstyret, nestleiar, HTV1, andre styremedlemmer, varamedlemmer til lokallagsstyre, valkomité for kommande periode

Kandidatar som det er fremja forslag på, er:
- Forslag frå valnemnda - styremedlemmar i alle val (unntatt val av ny valkomité)
- Forslag frå lokallagsstyret i val av ny valkomité
- Eventuelt kandidatar som vert føreslegen under sjølve årsmøtet (benkeforslag).

Gjennomføring av vala på årsmøtet

Vala gjennomførast i den rekkjefølge som kjem fram i nummereringa nedanfor:

1. Val av lokallagsleiar

Leiaren blir valt først og ved særskilt val.

Den kandidaten som får minst halvparten av stemmene, er valt.

Om ingen av kandidatane får halvparten av stemmene, skal det haldast nytt val mellom dei kandidatane som har fått stemmer i første valomgang. Kandidatane blir satt opp etter stemmetal. Dersom det er fleire enn to kandidatar, går kandidaten med lågast stemmetal ut. Nytt val blir halde mellom dei kandidatane som står att. Dette prinsippet vert følgd til berre to kandidatar står att. Ved omval mellom dei to gjenståande kandidatane, er den som har fått flest stemmer valt.

Får kandidatane likt stemmetal i to valomgangar, vert det trekt lodd mellom kandidatane.

2. Val av nestleiar i lokallaget

Her gjelder de same valreglane som i punkt 1 *Val av lokallagsleiar.*

3. Val av hovudtillitsvalt som styremedlem

Éin tillitsvalt etter kommunal hovudavtale skal ha fast plass som styremedlem i lokallagsstyret på bakgrunn av at vedkomande er valt som tillitsvalt etter hovudavtalen, (jfr. § 16.5 og § 61.2 i Utdanningsforbundets vedtekter.)

Valnemnda må innstilla på kven som skal sitja i styret dersom det er fleire hovudtillitsvalte. Det vanlege er at det er den som er valt på første prioriterte plass.

4. Val av andre styremedlemmar

Her vel ein det tal medlemmar av styret som står att etter val av leiar og nestleiar og HTV1.

Ved val av dei andre medlemmane av lokallagsstyret skal stemmesetelen innehalde namn på like mange personar som det tal styreplassar som er på val, jf. pkt. 4 i retningslinjene. Ut frå samansetninga av dei som ikkje er på val, dvs. kvinner/menn, leiarrepresentant og medlemsgruppetilhøyrsle, opplysast årsmøtet om kva samansetning som må og/eller bør ivaretakast for å oppfylle kvoteringsparagrafen.

Kvar stemmesetel skal innehalde ei fordeling som varetek krava. Stemmesetlar som *ikkje* fyller krava, vert forkasta.

Ved oppteljinga rangerast kandidatane etter stemmetal, men likevel slik at kvinnelege kandidatar med lågare stemmetal går føre om dette skal til for å oppnå ønskt minimum del kvinner (50 %).

Utdanningsforbundet
Øygarden

5. Val av varamedlemmar til lokallagsstyret

Det skal veljast minst tre varamedlemmar i prioritert rekkefølge.
Disse vert vald fritt (uavhengig av medlemsgruppe) i særskilte val etter same regler som for leiar (pkt. 1).

6. Val av valnemnd

Jf. § 64.1:
Årsmøtet vel ein valkomité med minimum tre medlemmar, samt varamedlemmar i prioritert rekkefølgje. Valnemnda er samansett i samsvar med gjeldande kvoteringsregler, jf. § 15. Valnemnda konstituerer seg sjølv, eventuelt med et arbeidsutval.

Lokallagsstyret fremjar forslag på tal medlemmar og varamedlemmar til ny valkomité for årsmøteperioden.

Valnemnda vert valt på same måte som medlemmar av lokallagsstyret.

Varamedlemmar vert valt på same måte som varamedlemmar av lokallagsstyret.